



Ullensvang
kommune

Plan for godkjenning av barnehagar 2023-2026



Godkjend administrativt 11.01.2023



Innhald

Innhald	1
1 Innleiing	2
1.1 Mål	2
1.2 Rettsgrunnlag for godkjenning av barnehagar etter barnehagelova	2
1.3 Organisering av barnehagemynde i Ullensvang kommune	3
2 Risikovurdering	6
3 Barnehagemynde - plikter og ansvar	7
3.1 Prosedyrar i godkjenningsprosessen	7
3.2 Rettleiing	7
3.3 Vurdering	8
3.4 Vilkår	8
3.5 Politiattest	8
3.6 Omsyn til andre mynde sine uttalar og vilkår	9
4 Plan for arbeidet i perioden planen gjeld	9
4.1 Satsingsområde	9





1 Innleiing

Godkjenningsplanen skildrar barnehagemynde sine ansvar og plikter for godkjenning av barnehagar etter barnehagelova § 14. Planen gir og informasjon om prioriterte område for rettleiing og oppfølging av eksisterande godkjenningar.

Ullensvang kommune har per 1. august 2023 totalt 13 barnehagar. Alle barnehagane er ordinære, kommunale barnehagar.

1.1 Mål

- ❖ Alle barnehagar i Ullensvang kommune er eigna i høve krava i barnehagelova §§ 1 og 2 om barnehagen sitt føremål og innhald.

1.2 Rettsgrunnlag for godkjenning av barnehagar etter barnehagelova

Som lokalt barnehagemynde skal kommunen gje rettleiing om, og sjå til at barnehagane vert drive i samsvar med bestemmingane i barnehagelova med forskrifter, jf. barnehagelova § 10 første ledd.

Kommunen har ansvar for at det vert etablert barnehagar som sikrar barna eit likeverdig pedagogisk tilbod. Etter barnehagelova § 14 om godkjenning, avgjer barnehagemynde søknad om godkjenning etter ei vurdering av om barnehagen er eigna i høve føremål og innhald, jf. §§ 1 og 2. Barnehagelova § 6 seier noko om kva for verksemder som har ei plikt til å søkja om godkjenning etter barnehagelova.

Lokalt barnehagemynde følgjer forvaltningsrettslege reglar ved utføring av arbeidet sitt. Forvaltningsrettslege reglar følgjer av forvaltningslova og ulovfesta forvaltningsrettslege prinsipp.

Det følgjer av Kongeriket Noregs grunnlov § 104 og FNs barnekonvensjon artikkel 3 og 12, at barnet sitt beste skal vera eit grunnleggjande omsyn i handlingar og avgjerder som vedkjem barn.

Vedtak om godkjenning av barnehagen skal gje tilstrekkeleg informasjon om kvifor verksemda er eigna etter barnehagelova §§ 1 og 2 om føremål og innhald. Grunngevinga for vedtaket er av interesse for foreldre, eigar, lokalsamfunn og lokale og sentrale mynde.





1.3 Organisering av barnehagemynde i Ullensvang kommune

Kommunen vert pålagt plikter ut ifrå barnehagelova, både som barnehageeigar og som lokalt barnehagemynde. Det følgjer av barnehagelova § 11 at kommunen skal organisera oppgåvene den har som barnehagemynde skild frå oppgåvene den har som barnehageeigar.

Oppvekstsjef i samarbeid med sektorleiar barnehage og rådgjevar oppvekst er delegert ansvaret for å oppfylle Ullensvang kommune sine plikter som lokalt barnehagemynde. Organisering av barnehagemynde sikrar at kommunen likehandsamar og opptrer upartisk.

Oversikt over oppgåvefordelinga mellom oppvekstsjef, sektorleiar for barnehage og rådgjevar oppvekst

BLÅ = Myndeoppgåver som søknader om dispensasjon og tilsyn SKAL vera skilde frå eigaroppgåver . Her: ligg til Kommunalsjef for Oppvekst og utdanning.
GUL = Myndeoppgåver som er delegert til Kommunalsjef for Oppvekst og utdanning
ORANGE = Myndeoppgåver som er delegert til sektorleiar for barnehage
GRØN = Oppgåver/ansvar som ligg både til mynde og barnehageeigar

BHL	Barnehagemynde oppgåver	Ansvar/utfører	Grunngjeving
	Forvaltningslova gjeld på desse områda. Kommunen utøver mynde og ikkje styring. Tilhøyrande forskrifter.		
§10	Barnehagemyndighetens ansvar	Kommunalsjef	
§11	Krav til likebehandling og uavhengighet	Kommunalsjef/rådgjevar oppvekst	
§14	Godkjenning	Kommunalsjef/rådgjevar oppvekst	Viktig å ivareta tillit og likehandsaming difor viktig å skilja denne oppgåva frå eigaroppgåver
§15	Familiebarnehager	Kommunalsjef/rådgjevar oppvekst	Viktig å ivareta tillit og likehandsaming difor viktig å skilja denne oppgåva frå eigaroppgåver
§16	Rett til plass i	Sektorleiar for barnehage	Kommunen gjennomfører





	barnehage		samordna opptaksprosess. Her blir likehandsaming av barn og kommunale/private barnehagar ivareteke. Alle styrarane deltek i prosessen
§17	Samordna opptaksprosess i kommunen	Sektorleiar for barnehage	Same argumentasjon som over
§18	Prioritet ved opptak	Sektorleiar for barnehage	Dette punktet heng saman med samordna opptak og då er det naturleg at også denne oppgåva vert lagt til seksjonsleiar for barnehage. Følgjer vedtekne retningslinjer.
§19	Kommunalt tilskudd til godkjente private barnehager		Kommunen har ikkje private barnehagar.
§20	Foreldrebetaling	Sektorleiar for barnehage	Ullensvang kommune følgjer nasjonale føringar for foreldrebetaling og redusert foreldrebetaling. Kommunen har og kun kommunale barnehagar. Vurderer at det ikkje er grunnlag for å svekke tillit til barnehagemynde om denne oppgåva vert utført av seksjonsleiar for barnehage.
§24	Behandling av søknad om dispensasjon frå utdanningskravet til styrar	Kommunalsjef/rådgjevar for oppvekst	Ei slik oppgåve/ansvar må vera skild frå eigaroppgåver
§25	Behandling av søknad om dispensasjon frå utdanningskravet til pedagogisk leiar	Kommunalsjef/rådgjevar for oppvekst	Ei slik oppgåve/ansvar må vera skild frå eigaroppgåver
§26	Behandling av søknad om dispensasjon frå krav til grunnbemanning	Kommunalsjef/rådgjevar for oppvekst	Ei slik oppgåve/ansvar må vera skild frå eigaroppgåver
§28	Behandling av søknad	Kommunalsjef/rådgjevar	Ei slik oppgåve/ansvar må





	om dispensasjon frå krav om norskferdigheiter, for styrar eller pedagogisk leiar	for oppvekst	vera skild frå eigaroppgåver
§30	Politiattest	Kommunalsjef/Sektorleiar for barnehage	Dette lovkravet vil gjelde for både mynde og eigar
§31	Rett til spesialpedagogisk hjelp	Kommunalsjef/rådgjevar oppvekst	Viktig å ivareta tillit og likehandsaming difor viktig å skilja denne oppgåva frå eigaroppgåver
§35	Vedtak om spesialpedagogisk hjelp	Kommunalsjef/rådgjevar oppvekst	Viktig å ivareta tillit og likehandsaming difor viktig å skilja denne oppgåva frå eigaroppgåver
§36	Rett til skyss for barn med rett til spesialpedagogisk hjelp	Kommunalsjef/rådgjevar oppvekst	Viktig å ivareta tillit og likehandsaming difor viktig å skilja denne oppgåva frå eigaroppgåver
§37	Barn med nedsatt funksjonsevne	Kommunalsjef/rådgjevar oppvekst	Viktig å ivareta tillit og likehandsaming difor viktig å skilja denne oppgåva frå eigaroppgåver
§38	Rett til tegnspråkopplæring	Kommunalsjef/rådgjevar oppvekst	Viktig å ivareta tillit og likehandsaming difor viktig å skilja denne oppgåva frå eigaroppgåver
§40	Oppfyllelse av enkeltvedtak som er kjent ugyldig	Kommunalsjef/sectorleiar for barnehage	Dette lovkravet vil gjelde for både mynde og eigar
§44	Taushetsplikt	Kommunalsjef/sectorleiar for barnehage	Dette lovkravet vil gjelde for både mynde og eigar
§46	Opplysningsplikt til barneverntjenesten	Kommunalsjef/sectorleiar for barnehage	Dette lovkravet vil gjelde for både mynde og eigar
§47	Innhenting av opplysninger fra Folkeregisteret	Kommunalsjef/sectorleiar for barnehage	Dette lovkravet vil gjelde for både mynde og eigar
§53	Tilsyn	Kommunalsjef/rådgjevar oppvekst	Ei slik oppgåve/ansvar må vera skild frå eigaroppgåver

Fordeling av oppgåver i tabellen over er i tråd med intensjonen i barnehageloven.





2 Risikovurdering

Risikovurderingar ligg til grunn når barnehagemynde vurderer behov for rettleiing etter barnehagelova § 10 og tilsyn etter barnehagelova § 53. Ved gjennomføring av risikovurdering, vert tilgjengeleg kunnskap og informasjon om den enkelte barnehage i kommunen brukt. Barnehagemynde vurderer regelmessig sannsynet for- og konsekvensen av brot på barnehageeigar sine plikter.

Barnehagemynde kartlegg risiko for brot på regelverket ved systematisk bruk av nasjonale og lokale kjelder som gjev informasjon om kvar enkelt barnehage si etterleving av regelverket. Døme på nasjonale kjelder i denne samanhengen er årsmeldingar (BASIL) som gjev barnehagemynde god oversikt over den enkelte barnehage sin strukturkvalitet.

Barnehagemynde sine tidlegare tilsyn og informasjon frå andre tilsynsmynde er og aktuelle kjelder i ei risikovurdering. Barnehagemynde bruker kunnskap frå risikovurderingar som grunnlag for å vurdere kva for godkjenningar som må følgjast opp med undersøkingar, eventuelt rettleiing og vurdering av vedtak.

Godkjenning etter barnehagelova § 14 set rammer og vilkår for drift av barnehagen. Ved manglar eller brot på vilkår i godkjenninga, kan barnehagemynde følgja opp med undersøkingar, rettleiing og/eller tilsyn.

Gjennom kartlegging har barnehagemynde funne avvik i form av manglande godkjenning ved fleire barnehagar. Det er og funne endringar i barnehagar, der det ikkje er vurdert om det skal søkjast ny godkjenning eller ikkje. Ein barnehage er i gang med søknad om ny godkjenning, grunna endringar gjort i barnehagen.

Risikovurderingane i denne planperioden vil i hovudsak handla om å sikra at kvar barnehage enten har eit godkjenningsvedtak som framleis er gjeldande eller er i gang med søknad om ny godkjenning.





3 Barnehagemynde - plikter og ansvar

Barnehagemynde skal ivareta den frie etableringsretten. Alle som søker godkjenning av barnehage og oppfyller krava i barnehagelova, har rett til godkjenning.

Barnehagemynde skal innhenta nødvendig informasjon gjennom søknad om planuttale, søknad om godkjenning og ferdigbefaring.

3.1 Prosedyrar i godkjenningsprosessen



3.2 Rettleiing

Barnehagemynde skal gi nødvendig rettleiing som varetek prinsippet om forbod mot usakleg forskjellshandsaming. Gjennom rettleiing skal søkerar verta sett i stand til å oppfylle nødvendige krav til søknad og kunna hevda sine rettar i søknadsprosessen.

Barnehagemynde skal og rettleia om andre offentlege instansar sine mynde-oppgåver i samband med oppstart av nye barnehagar, eller godkjenningspliktige endringar i eksisterande barnehagar.

Barnehagemynde avgjer om barnehagar som alt er godkjende, som gjer endringar av eit visst omfang, må søkja om ny godkjenning. Det er ingen konkrete moment som avgjer om endringane er store nok til at det er nødvendig å søkja





om ny godkjenning. Barnehagemynde vil blant anna vektleggja om endringa påverkar det fysiske miljøet, og om endringa påverkar barna sin kvardag.

Vurderer barnehagemynde at ei endring i ein barnehage vil krevja ny godkjenning, må barnehagemynde gjera barnehageeigaren merksam på dette før det vert fatta vedtak om ny godkjenning, slik at eigaren kan vurderer om endringa likevel skal gjennomførast.

3.3 Vurdering

Barnehagemynde skal vurderer om barnehagen er eigna etter §§ 1 og 2.

Dette inneber ei vurdering av:

- om dei fysiske rammene, det vil seia lokale, inventar og uteområde er eigna til å gi barna høve til leik, livsutfalding og meningsfylte opplevingar og aktivitetar i trygge og samstundes utfordrande omgjevnader.
- om eigar sitt fastsette leike- og opphaldsareal per barn er innanfor tilrådde normer.
- om bemanninga er tilstrekkeleg til å driva ei tilfredsstillande pedagogisk verksemd
- om bemanningsplanen er forsvarleg når det gjeld barnehagen si opningstid og barna sin alder.
- eigar sin plan for korleis driva barnehagen.

3.4 Vilkår

Barnehagemynde set vilkår om antal barn, barna sin alder og opphaldstid.

På bakgrunn av om barnehagen er eigna, kan barnehagemynde setja vilkår, sjølv om det totale leike- og opphaldsarealet kan gi plass til fleire barn.

3.5 Politiattest

Barnehagemynde avslår søknad om godkjenning dersom krav til politiattest ikkje er oppfylt.

Barnehagemynde skal innhenta politiattest frå søkjar, eigar av barnehagen sine lokale og deira familiemedlemmer, når desse har høve til å vera i direkte kontakt med barna. Barnehagemynde vurderer om merknader på ein attest fører til avslag på søknad om godkjenning. Sjå Forskrift om politiattest i barnehagar § 6.

3.6 Omsyn til andre mynde sine uttalar og vilkår

Barnehagemynde skal ta omsyn til andre mynde sine uttalar og vilkår.





Barnehagemynde vurderer om uttalar og vilkår frå andre mynde har betydning for godkjenning etter barnehagelova. Endringar i vilkår i godkjenning etter helsevernlovgevinga, fører til eit oppdatert vedtak frå barnehagemynde.

4 Plan for arbeidet i perioden planen gjeld

Barnehagemynde si kartlegging av vedtak om godkjenning viser at fleire godkjenningsvedtak frå tida før Ullensvang kommune oppstod i 2020, manglar. Den sist oppstarta barnehagen er i prosess med å få godkjenning, og ein av dei i utgangspunktet godkjende barnehagane er i prosess med å få ny godkjenning, grunna endringar i høve areal og organisering.

4.1 Satsingsområde

For gjeldande periode vil satsingsområdet vera:

- å rettleia og følgja opp søknader om godkjenning
- å rettleia barnehagane om eigarpliktene
- å få oversikt over om fleire barnehagar har gjort endringar etter sist godkjenningsvedtak, som gjer at det vurderast at ny godkjenning krevst
- å utarbeida nye vedtak til barnehagar som skal ha det

